

Opning av utesjakken og bocciabanen 1.april.

17.03.2017



Geir Nilsen på den ferdige bocciabanen, og klar til å høgtrykkspyla der utesjakken kjem.

Torsdag vart arbeidet med den nye bocciabanen på Sandakaien ferdig, og då uskedalen.no var innom fredag var Geir H. Nilsen i full gang med spyling og vasking av asfalten der det skal koma utesjakkfelt. Laurdag 1.april er det klar for opning av dei nye aktivitetstilboda som Spar Uskedalen står for.

Dagleg leiar ved Spar Uskedalen, Bente Nilsen, fortel at datoen for opninga no er sett til 1.april, men utover det er ikkje programmet klart. Det skal ho diskutera med dei to andre i leiartrioen, Gunn Mari Moberg og Kjersti N. Børve. Litt verforbehold må ho ta.

- Vi toler litt regn opningsdagen, men dersom det vert snø, må vi utsetja, seier ho.

Banen er godkjend både av storleik og elles slik at det kan spelast kampar på den, og det kan vera aktuelt å arrangera turneringar. Ved sida av bocciabanen skal det no først vaskast før det skal malast sjakkbrett når asfalten vert tørr. Geir Nilsen fortel at sjakkberettet vert ca. 5x5 meter, og at det langs resten av langsida av bocciabanen vil verta plassert eit par benkar der folk kan setja seg ned og slappa av medan dei følgjer med på aktivitetane.

Bente fortel at anlegget er laga for at alle skal kunna bruka det, og at det skal verta ein ny trivselsskapar i bygda. Til bocciaspelninga skal spelarane bruka egne kuler. Dermed vert banen svært tilgjengeleg, og eit slikt sett er jo billig å kjøpa. Spelereglar vil verta sett opp ved banen. Dei tenkjer at sjakkbrikkene kan stå ute, for det er målet å skapa mest mogeleg aktivitet. Dermed vert det eit felles ansvar å halda orden på dei slik at det kan skapa mest mogeleg glede.

- Vi har satsa på aktivitetar som alle kan delta i, uavhengig av alder og funksjon, og vi håper dette kan verta ein koseleg møteplass med kjekke stunder for mange, avsluttar Bente Nilsen. Tidlegare har som kjent Spar Uskedalen plassert 'Den blå stolen' på plenen like framfor restauranten Oska.

Laurdag 1.april vert altså aktivitetsområdet opna. Det vert ein dag med mykje aktivitet i området, og same kvelden kan folk nytta musikken til dei dyktige muskarane i Jazzverket som har konsert på Oska.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland